

Fremmet av Ola Wolff Elvevold, Sulaksana Sivapatham, Ingrid Wergeland, Sunniva Holmås Eidsvoll og Unni Berge

## 1 **U2: Vi treng ei storsatsing på kollektiv no**

2 I Oslo, som i dei andre storbyane, er bilkøyring viktigaste kjelde til både klimagassutslepp og  
3 luftforureining. Bilbruk er dessutan arealkrevande i byområder og omfattande bilbruk  
4 fortrenger naturområde og fellesareal, og krever stadig nye dyre motorvegutbyggingar.

5 Byane treng ein politikk som reduserer transportbehovet og fremmar trivelege buområde og  
6 sentrum. Storbyane må prioritere kollektivtransport, gåande og syklande framfor stadig meir  
7 bilkøyring og motorvegbygging. Dessutan må både person- og kollektivtrafikken i Oslo  
8 elektrifiserast.

9 Skal vi begrense trafikken utan å samstundes å redusere folk sin mobilitet, trengs det ei  
10 kraftsatsing på kollektivtransporten. Kollektivtransporten i by er effektiv. Over to av tre reiser  
11 som gjennomføres i Oslo er miljøvennlege– det vil si til fots, med kollektivtransport eller med  
12 sykkel. Oslo og Akershus hadde i 2018 387 millionar påstigningar. Nye Lysaker t-  
13 banestasjon kjem til å ha 24.000 passasjerar kvar dag.

14 Veksten i kollektivtrafikken i Oslo er kraftig, men kapasiteten er sprengt. T-banetunellen under  
15 Oslo har ikkje meir kapasitet. Oslo satsar stort på kollektivtrafikken, og tek inn betydelege  
16 summer til kollektivdrift gjennom bompengart, men dei investeringane som ein no står overfor  
17 er det likevel ikkje økonomisk handlingsrom for kommunalt. Staten må no på bana. Utan at  
18 det skjer, vil innbyggjarane i Oslo og nabokommunane bu i område der det er store  
19 restriksjonar på bilbruk, men der kollektivinvesteringane ikkje held tritt og der tilbodet difor  
20 vert for dårleg. Staten fullfinansierer togutbygging. Det er naturleg med same finansiering av  
21 stor t-baneutbygging.

22 For få folk med på klimadugnaden er vi nøydde å tilby gode alternativ til å velje bil.  
23 Miljøkampen er difor avhengig av at vi satsar tungt på kollektiv, sykkel og gange i storbyane.  
24 Det fins knapt noko betre fordelingspolitikk enn å gi folk mulighet til å velje kollektiv framfor  
25 dyr bilbruk.

26 Kollektivinvesteringar i byane er naudsynt for å unngå endå dyrare motorveginvesteringar i  
27 byområde. Samferdselspolitikken til SV bør kombinere kollektivsatsing i byar og tettstader og  
28 naudsynte veginvesteringar slik som rassikring i distrikta. SVs forslag til arbeidsprogram for  
29 2021-25 treng gje byane løfter om kollektivinvesteringar i storbyane. Oslo SV vil kjempe for  
30 dette.

### 31 **Oslo SV ynskjer:**

- 32     ▪ ei storstilt satsing på kollektiv- og sykkelinfrastruktur i byane
- 33     ▪ at kollektivtrafikken skal bli utsleppsfri så raskt som råd og seinast i 2028
- 34     ▪ at staten sikrar rask gjennomføring av viktige kollektivtiltak ved ei investeringspakke  
35     for fullfinansiering av kollektivinvesteringar i storbyane